



NVE

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 29.04.2026

Vår ref.: 202318279-13 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høring av søknad om konsesjon til bygging av Grunningsdalen kraftverk i Seljord kommune, Telemark fylke

NVE har fått inn ein søknad frå Småkraft AS om løyve etter vassressurslova til bygging av Grunningsdalen kraftverk. Søknadane blir no sende på høring med høyringsfrist **15.06.2026**.

Kva blir det søkt om?

NVE har fått søknad frå Småkraft AS, datert 17.11.2023 og oppdatert 24.04.2026, om løyve etter vassressurslova til bygging av Grunningsdalen kraftverk. Kraftverket er planlagt nedstrøms Slåkåvatnet og oppstrøms Grunnåi kraftverk. Det vil utnytte eit fall på 75 meter i elva Grunnåi, frå inntak på kote 687 til kraftstasjon på kote 612. Vassvegen vil bestå av ei nedgraven røyrgate på 1876 meter. Kraftverket er rekna å ha ein installert effekt på 2,9 MW og ein årleg middelproduksjon på 5,9 GWh. Søknaden skal handsamast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Informasjon om saksbehandlinga finn du på NVE si nettside:

www.nve.no/saksgang-vannressursloven

Søknaden med vedlegg er tilgjengeleg på NVE si nettside: www.nve.no/9195/v.

Kva ønskjer vi fråsegn om?

NVE ønskjer å få inn synspunkt på planane som er presenterte i søknaden. NVE ønskjer konkrete synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ eller forslag til avgrensingar i planane. Vi ønskjer også grunngitte forslag til mildnande tiltak som kan redusere eventuelle ulemper ved gjennomføringa av prosjektet. I tillegg ber vi om eventuelle kommentarar til om søknaden gir tilstrekkelege opplysningar om verknadene av tiltaket. Alle som har meiningar om saka, kan sende inn ei fråsegn.

Slik sender du inn høyringsfråsegn

Alle som har meiningar om saka, kan sende fråsegn på éin av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegn, som de finn på nettsida i saka (www.nve.no/9195/v)

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

- via e-post til nve@nve.no (merk e-posten med «Høringsfråsegn og saksnummer 202318279» i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO (merk brevet med «Høringsfråsegn og saksnummer 202318279» i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)

Frist for å sende fråsegn er **15.06.2026**.

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli refererte i saka. Er høringsfråsegna lang, oppmodar NVE høringspartane til sjølv å skrive ein kortfatta konklusjon eller samandrag. Høringsfråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument blir lagde ut på NVE sine nettsider.

Til kommunen

Vi ber Seljord kommune om å informere om saka på nettsidene sine og ev. sosiale medium.

Med helsing

Hans Kristian Bugge Tørset

Avdelingsingeniør

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

Norges Jeger- og Fiskerforbund
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard
STATNETT SF
LEDE AS
Sabima Samarbeidsrådet For Biologisk Mangfold
Mattilsynet
SELJORD KOMMUNE
NJFF – Telemark
Naturvernforbundet i Telemark
Midtre Telemark Vannområde
Naturvernforbundet i Midt-Telemark
Seljord Turlag
Norsk Friluftsliv



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Naturvernforbundet

Villreinnemnda for Brattefjell-Vindeggen, Blefjell og Norefjell-Reinsjøfjell

STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMARK

MOTVIND NORGE

TNETT AS - Bjørn Aslak Brekke

DNT Telemark

TELEMARK FYLKESKOMMUNE

FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV I TELEMARK

BRATTEFJELL-VINDEGGEN VILLREIN- OG UTMARKSUTVAL

Kopimottakarliste:

SMÅKRAFT AS